



## Protokoll Årsmøte Årdalstangen Idrettslag

26. mai 2021 klokka 18:00 via Microsoft Teams og Klingenberg Hotell

Til årsmøte møtte det 5 på Klingenberg og 4 via Teams

### 1. Opning v/leiar Roy Bergerud

Roy Bergerud opna årsmøte med velkommen og deretter 1 minutt stillheit for medlemmane som var gått bort i året som har gått sidan forrige årsmøte. Spesielt minna me æresmedlem Asbjørn Moheim.

### 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Det kom berettiga kritikk til årsmøte om at innkalling kun var via heimesida og at fullstendig sakliste med sakspapir ikkje var tilgjengeleg 1 veke før årsmøte slik det skal i følge vedtektene.

Styret beklagar og forklarte årsaka

**Vedtak:** Innkalling og sakliste vart godkjent slik den låg føre, samrøystes.

### 3. Val av møteleiar

Innstilling fra styret: Anne Kauppi

**Vedtak:** Anne Kauppi vart valt samrøystes

### 4. Val av referent

Innstilling fra styret: Roy Bergerud

**Vedtak:** Roy Bergerud vart valt samrøystes

### 5. Val av to til å signere protokoll

Innstilling fra styret: Svein Ove Jørgensen og Linn Hege Lereng Einan

**Vedtak:** Svein Ove Jørgensen og Linn Hege Lereng Einan vart valt samrøystes

### 6. Årsmelding 2020

Leiar Roy André Bergerud gjekk gjennom årsmeldinga til hovudlaget

Leiar Linn Hege Lereng Einan gjekk gjennom årsmeldinga til barneidrettsgruppa

Leiar Anne Kauppi gjekk gjennom årsmeldinga til handballgruppa.

Leiar Svein Ove Jørgensen gjekk gjennom årsmeldinga til fotballgruppa

Leiar Even Gundersen Vee gjekk gjennom årsmeldinga til skigruppa.

Leiar Line Kvanli gjekk gjennom årsmeldinga til turngruppa

Sekretær Line Kvanli gjekk gjennom årsmeldinga til trimgruppa

El innebandy har ikkje hatt aktivitet i 2020

**Vedtak:** Årsmeldinga for idrettsåret 2020 vart samrøystes godkjent

## 7. Rekneskap 2020

Kasserar Anne Kauppi gjekk gjennom rekneskapet for hovudlaget og alle særgruppene.

**Vedtak:** Rekneskapen vart godkjent samrøystes.

## 8. Budsjett 2021

Kasserar Anne Kauppi gjekk gjennom budsjett for hovudlaget og alle særgruppene

**Vedtak:** Budsjetta vart godkjent samrøystes

## 9. Innkomne saker

### 9.1 Val av påtale for 2021

Styret sitt framlegg er:

Leiar og hovudkasserar får fullmakt frå årsmøte som påtaleansvarleg

**Vedtak:** Innstillinga fra styret samrøystes vedteke

### 9.2 Medlemskontigent for 2021

Innstilling fra styret: Ingen endring i kontigenten frå 2020

**Vedtak:** Innstillinga frå styret vart vedteke samrøystes

Familie inntil 4 i familien (føresette + 2 barn t.o.m 18 år):	400,-
Per familiemedlem utover 4:	100,- per person
Aktiv medlem uansett alder:	350,-
Støttemedlem:	150,-

### 9.3 Innkomne saker fra medlem Sipke Paulides

Innstilling fra styret: Ingen av sakene Sipke fremmar er saker som skal handsamast på eit årsmøte.

Innstiller difor på at styret svarar ut Sipke skriftleg etter årsmøte

**Vedtak:** Sipke fekk svar munnleg på mange av spørsmåla undervegs i årsmøte, styret skal svare skriftleg på det som ikkje vart svara ut under årsmøte.

Samrøystes vedteke.

## 10. Val etter lovene

Styret si innstilling: Det vart ikkje valgt valnemd på årsmøte i 2020, og difor har ingen jobba med dette til årsmøtet.

Innstiller difor på at AU vert ny valnemd og at hovudstyret får fullmakt av årsmøtet til å velga medlemmer som er på val til AU for 2021-2022

**Vedtak:** Innstillinga frå styret vart vedteke samrøystes

## 11. Utdeling av prisar for 2020

«Bragdpremie kan tildelast medlemmar som gjennom fleire år har utmerka seg som aktiv idrettsutøvar, i administrativt arbeid eller anna fleirårig innsats i idretten og laget si teneste. Bragdpremie, pokal med inskripsjon, kan tildelast etter vedtak i laget sitt styre»

### Desse fekk bragdpremie på årsmøte:

Lisbeth Halvorsen, Ski

Kari Eivindsen Lysne. Ski

Line Hals Kvanli, Turn

Årsmøte gratulerer alle med vel fortente premiar for lang og god innsats for ÅTIL!

Leiar Roy Andrè Bergerud takka for frammøte og heva årsmøte

Årdalstangen 01. juni 2021

Linn Hege L Einan  
Linn Hege Løreg Einan

SveinOve Jørgensen  
Svein Ove Jørgensen